



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
31.10.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/12941 542.1  
Dykkar referanse

Blom Fiskeoppdrett AS  
Ulvøyvegen  
5337 RONG

### Rapport frå inspeksjonen ved Blom Fiskeoppdrett AS på lokaliteten Kjeppvikholmen i Meland kommune 1. oktober 2014

Rapportnummer: 2014.139.I.FMHO

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Martin Blom, teknisk sjef  
Kenneth Flåten, driftsleiar  
Robert Mikkelsen, lokalitetsansvarleg  
Jan Ivar Bildøy, produksjonssjef

Frå Fylkesmannen:  
Tom N. Pedersen

Frå Fiskeridirektoratet:  
Tina Oen Gaarden  
Caterina Sunde

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann to avvik innan følgjande tema:

- miljørisikovurdering
- utsleppskontroll og miljøgranskingar

og har gitt ein merknad under tema:

- miljømål

Avvika og merknaden er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

Blom Fiskeoppdrett AS må sende ei skriftleg stadfesting innan 20. desember 2014 på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Britt Solheim  
senioringeniør

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Radøy kommune

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Blom Fiskeoppdrett AS	<b>Anleggsnr.:</b> 1256.0030.01
<b>Besøksadresse:</b> Ulvøyvegen	
<b>Postadresse:</b> 5337 Rong	
<b>E-post:</b> <a href="mailto:post@blomsea.no">post@blomsea.no</a> , <a href="mailto:jib@blomsea.no">jib@blomsea.no</a>	<b>Telefon:</b> 56385060/1381067
<b>Kommune:</b> Radøy	<b>Organisasjonsnr.:</b> 972113689
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b>	<b>Eigar (org.nr.):</b> 840 215 512
<b>Løyve sist oppdatert:</b>	<b>Kontrollklasse/risikoklasse:</b> 3

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen på lokaliteten Kjeppvikholmen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Bakgrunn for tilsynet var at Fylkesmann og Fiskeridirektoratet var blitt kontakta av naboar som meinte at anlegget forureina nærmiljøet deira. Samstundes har lokaliteten ein historikk med dårleg skåre på MOM B-granskingane.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- internkontroll
- risikovurdering
- utsleppskontroll og miljøgranskingar
- farleg avfall
- vedlikehald
- substitusjon
- løyvet av 7. april 2006

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 20. desember 2014 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 20. desember 2014, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

#### **4. Kontrollgebyr**

Blom Fiskeoppdrett AS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12.000 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

#### **5. Offentleggjering**

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

#### **6. Dokumentunderlag**

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 7. april 2006

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

#### **Definisjonar**

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## **7. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### **Avvik 1: Internkontrollen for anlegget har manglar**

#### **Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 og 7**

##### **Avviket er basert på følgjande observasjonar**

Blom Fiskeoppdrett har gjort ei risikovurdering av verksemda, men denne manglar oppdatering.

Under tilsynet kunne verksemda ikkje vise fram skriftleg prosedyre for sitt arbeid med risikovurderingar. Det vart sagt at denne var utarbeidd og skulle ettersendast. Vi har per dato ikkje motteke denne prosedyren.

### **Avvik 2: Utsleppskontroll og miljøgranskingar er ikkje tilfredsstillande gjennomført**

#### **Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 punkt 5, 6 og 7 Utsleppsløyvet av 17. april 2006**

##### **Avviket er basert på følgjande observasjonar**

På lokaliteten Kjeppvikholmen blir det nytta lift-up for fjerning av daudfisk. Driftsleiar gjorde greie for føremonene med lift-up ved at denne samstundes tok med seg ein del fôrspill og ekskrement som vart frakta i røyr til vestsida av anlegget. Driftsleiar meinte dette bidrog til å betre miljøtilstanden under anlegget. Ein slik praksis er nok bra for fisken i merdane ved at ureina vatn blir transportert bort frå merdane. Dersom det er slik at organisk materiale blir ført bort til eine enden av anlegget eller eit stykke frå anlegget, skal miljøgranskingane gjennomførast slik at det blir utført måling av påverknaden på botnen der kor det organiske materialet havnar.

Fylkesmannen ser nokre problem med ein slik praksis. På den eine sida blir påverknaden på botnen flytta utan at det blir gjort målingar av påverknaden. Samstundes er det mogleg at slik «filtrering» av organisk materiale kjem i konflikt med det generelle forbodet mot dumping. Fylkesmannen skal sørge for at dette blir avklart, og vi kjem tilbake til saka.

MOM B-granskingane som er gjort på lokaliteten har ikkje følgt standarden NS9410. Granskingane er gjort til andre tider enn på maksimal belastning (fôringstopp eller biomassetopp). Resultata kan då lett blir misvisande.

Blom Fiskeoppdrett AS har ikkje rutinar for å sikre at miljøgranskingane held tilstrekkeleg kvalitet. Den siste MOM B granskinga skil seg frå dei fire førre granskingane ved at det denne gongen ikkje var råd å få opp sediment i grabbskota. Rapporten gir inga forklaring på detta avviket.

## **8. Merknader**

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

## **Merknad 1: Miljømåla er ikkje anleggsspesifikke**

**Kommentar:** Blom Fiskeoppdrett AS har miljømål for alle anlegga samla, men det er ikkje sett mål for kvart einskild anlegg (lokalitet).

### **9. Andre forhold**

Det står ein oljetank på om lag 6.000 liter utandørs på flåten. Tankforskrifta gjeld for drivstofftankar større enn 10.000 liter. Tankar som er mindre enn dette må vere med i verksemda sin risikovurdering. Ein oljetank som står på ein flåte utan oppsamlingsarrangement vil om det oppstår lekkasje utøve ein risiko for ytre miljø, men kanskje i særleg grad for fisken som står i merdane. Vi tilrår at verksemda også vurderer risiko for plasseringa av dieseltanken og gjennomfører eventuelle tiltak. Det er tak på flåten og ein av vurderingane kan vere om oljetanken kan plasserast innandørs.

### **10. Bilde**



Drivstofftank plassert på flåtedekket.

*Foto: Fylkesmannen i Hordaland*